

Vedtak i fellesnemnda i Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda vedtek å legge Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur til grunn for den politiske organiseringa av Nye Øygarden kommune, inkludert framlegg til reglement for delegering av politisk mynde, reglement for møte, og ordningar for godtgjersle for dei folkevalde.
2. Fellesnemnda legg til grunn utvalet si tilråding av politisk organisasjonsmodell med same struktur (formannskap, to hovudutval og kontrollutval), og med dei same namn og funksjonar som går fram av rapporten.
3. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til møtetidspunkt for kommunestyret, formannskapet og hovudutvala vert gjeldande i Nye Øygarden kommune.
4. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til andre utval enn hovudutvala,- jf. kap.7 i sluttrapporten, vert implementert i organiseringa av Nye Øygarden kommune.
5. Fellesnemnda godkjenner dei ulike satsane og ordningane for godtgjersle til folkevalde som går fram av del 4, kap. 19 – 24 i rapporten, med følgjande endringar:
 - Sluttrapport punkt 22, 1.setning, endra til: «Folkevalde i verv på 40 % eller meir av 1/1 stilling, vert meld inn i same pensjonskasse som tilsette i kommunen».
 - Sluttrapport punkt 19.3, 1.setning, endra til: «Medlemene av formannskapet og hovudutvala får ein fast årleg godtgjersle tilsvarande 8 % av ordføraren si».
 - Sluttrapport punkt 20, 3.avsnitt Gruppe A: 2 o/oo av ordføraren si godtgjersle – 3. kulepunkt, endra til «Møtande varamedlemmer i hovudutvala».
6. Fellesnemnda ønskjer å gje eit tilleggsmandat til utvalet som har jobba med politisk organisering. Gentoftte kommune i Danmark har innført ein modell med oppgåveutval, for å utvikle lokaldemokratiet og få innbyggjarar og brukargrupper tettare på dei politiske prosessane og for å sikre auka medverknad. Fellesnemnda ber utvalet for politisk organisering skissere opp modellar for korleis noko tilsvarande kan byggast opp for nye Øygarden kommune og presentere ei slik skisse for Fellesnemnda innan utgangen av 2018.